

Inspirasjons- samling

for aktivitetskontakter

25. september kl. 19-21.

Tema: «Kort og godt om kosthald og trening». Det vil bli enkel servering og høve til erfaringsutveksling.

Vel møtt på Frisklivssentralen!

Fargeskrinet

Fargeskrinet er ei avdeling ved Prestemarka bu- og dagtilbod, og held til i dagsenteret på Prestemarka.

Opningstid: mån.-fre. 8.30-15.30

Vi sel:

- Vevde golvtepper og løpere
- Gode tennbrikettar
- Filthjerter

Velkommen til ein god handel!

MOT til å glede

22. november er
«MOT til å glede»-dagen.

Sjå etter ungdomar som vil spre glede!



Spennande Kulturveke 2013

Med Gomerhuset har vi innført ny tradisjon i Skodje – kulturveke i slutten av oktober.

Arrangementa for den fjerde kulturveka er så godt som i boks, og vi kan også i år tilby noko for ein kvar smak. Alle arrangement vil gå føre seg på Gomerhuset.

Tysdag 29. oktober vil Skodje sogelag invitere til kulturkveld der tema blir gamle bilde, og slekts-gransking med hjelp av data.

Skodje pensjonistlag er eit svært aktivt lag, og har nærast opparbeidd hevd på torsdagen.

Torsdag 31. oktober inviterer pensjonistlaget til m.a. "Husker du" med TrønderKaillan og folkedansegruppe og spelemenn frå U.L Ivar Aasen.

Eit anna fast innslag i kulturveka er ein ungdomskveld fredag. MOT og ungdomsrådet vil stå for arrangementet **fredag 1. november**.

Laurdag 2. november inviterer biblioteksjefen til teater for barn i barnehagealder på biblioteket. Det skjer på dagtid, for om kvelden blir det konsert med lokalt bluesband BRIIF frå Haram/Ålesund.

Kulturveka 2013 vert avslutta med korpskonsert **sundag 3. november**. Arrangøren Skodje skulekorps har invitert med seg Ørskog Brass, og lovar tradisjonell korpskonsert med flott musikk, loddsal og kaffi og kaker.

I år skal det tildelast både kulturpris og eldsjelpreis i Skodje. Ordføraren vil finne høveleg(e) arrangement i kulturveka til høgtidleg overrekking.

Vi vil også nemne at vi har lagt planar for årets julegrantenning. Det kjem til å skje **laurdag 30. november**. Suksessen frå i fjor med julegrantenning til korpsmusikk, forestilling i kultursalen og juleforteljingar på biblioteket vil bli vidareført. I tillegg blir det arbeid for å få på plass ein julemarknad.

Kulturminnevandringar

Skodje kommune har starta utarbeiding av kulturminneplan.

Målet er at flest mogleg av innbyggjarane skal få gi uttrykk for kva kulturminne og kulturmiljø vi bør løfte fram og ta vare på. Politikarane våre vil då kunne vedta ein godt forankra plan.

Arbeidet er viktig fordi kulturminna fortel om historia vår og dermed byggjer tilhøyrse og identitet.

For auka fokus på kulturminne blir det arrangert kulturminnevandringar i september:

Torsdag 19. september kl 18: Stette. Oppmøte ved Stette skule. Kulturminne: Notanaustet.

Torsdag 26. september kl 18: Skodje sentrum. Oppmøte ved klubbhuset til Skodje I.L. Kulturminne: Vassverkdemma.

Frisklivssentralen

Frisklivssentralen arbeider for god helse og livskvalitet hos den enkelte innbyggjar.

For å oppfylle ansvaret etter § 3-1 i helse- og omsorgstjenesteloven, skal kommunen blant anna tilby helsefremjande og førebyggjande tenester.

Frisklivssentralen er ein del av kommunehele- enesten, og har tilbod om hjelp til endring og meistring av levevanar ved hjelp av helse-

samtale, fysisk aktivitetstilbod, tilbod om kosthaldsendring, samt tilbod om røykeslutt.

Du er velkomen til å ta kontakt med dagleg leiar Aase Kristine Bolstad på tlf. 70 24 40 39 eller e-post: frisklivssentralen@skodje.kommune.no.



FRISKLIVSSENTRALEN

Litt av kvart

Bingsa

Ta godt vare på kortet for levering av avfall til Bingsa.

Det kostar kr 250,- å få nytt kort frå Skodje kommune.

Feiing

Skodje kommune har inngått avtale med Ålesund Brannvesen KF om feiing og tilsyn.

Feiing

Kommunen vert delt inn i 2 roder, der ein av rodene får feiing i 2013 og den andre i 2014.

Feiing vert gjort innvedig frå loft eller frå taket avhengig av tilhøva.

Tilsyn

Kommunen vert delt inn i 3 roder, rode 1 vert besøkt i 2014, rode 2 i 2015 og rode 3 i 2016.

Under tilsynet vert skorsteinen kontrollert frå kjellar til loft, feie- og sotluker og eldstader vert sjekka, og det vert gitt fyringsråd. Ein ser også på sløkkje- og varslingsutstyr. Huseigar må vere heime under tilsynet.

Brøyting

Dei som ynskjer å få sin private veg brøyt av Skodje kommune, kan søkje kommunen om dette innan 30.09.2013.

Vegen skal vere over 50 m og ha snuplass i enden.

Søknadsskjema får ein på servicekontoret, eller på skodje.kommune.no.

Neste Kommunenytt

Neste Kommunenytt kjem ca. 10. desember. Frist for innlevering til dette nummeret er 3. desember.



Dette skjer

Eldredagen

Den internasjonale Eldredagen vert feira **fredag 4. oktober** med fest i Gomerhuset.

Festen tek til kl. 17.00 med underhaldning, og etter programmet vert det mat og kaffi på Gomerkafeen.

Alle er velkomne!

Arr.: Eldrerådet i Skodje

Verdensdagen for psykisk helse

Verdensdagen for psykisk helse 2013 vil bli markert **torsdag 10. oktober**

kl. 18.00 på Frisklivssentralen i Skodje.

Det er det nyoppstarta lokallaget Mental Helse Skodje og Ørskog som saman med Mental Helse Haram står som arrangør.

Tema for Verdensdagen i år er: «Sjå kvarandre - gjer ein forskjell».

Program for kvelden:

«Sjå meg og høyr korleis eg kom meg vidare i livet»

v/ Anne-Lise Mikkelsen Tellnes

«Sjå kvarandre - gjer en forskjell. Korleis førebyggje mobbing og einsernd»

v/ tilsett på Sjøholt DPS

Det vert framføring av sang og musikk, samt enkel servering.

Dette er første gong at brukarane står som arrangør av Verdensdagen i Skodje og Ørskog, så sett av kvelden, kom og høyr, og ha ein fin kveld saman med oss.

Mental Helse Skodje og Ørskog

v Anne-Lise Mikkelsen Tellnes



Blues og Dire Straits-musikk

Bjørn Skjeltan frå Haram kjem til Gomerhuset med to velspelande band i haust:

Laurdag 12. oktober kl 20 blir det kjente og kjære Dire Straits-låtar med bandet Brothers in Arms.

Som del av Kulturveka 2013 får vi **laurdag 2. november** kl 20 høyre bluesbandet BRIIF.

"Kommunenytt" vert utgjeve av Skodje kommune, og vert distribuert til: Alle husstandar, handlande og kontor i Skodje, kommunale avdelingar og Ålesundregionens utviklingskontor.
Ansvarleg redaktør: rådmann Kjell Bjørndal.



SKODJE KOMMUNE

6260 SKODJE | 70 24 40 00 | Beredskapstlf. teknisk: 99 29 66 35
postmottak@skodje.kommune.no | www.skodje.kommune.no